

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 31.05.2016
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 24.05.2016

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:


Saksnr	Innhold
PS 104/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 105/16	Protokoll frå førre møte
PS 106/16	Delegerte saker
PS 107/16	Referatsaker
PS 108/16	Kommunal planstrategi for Herøy kommune - oppstart av revidering
PS 109/16	Reguleringsendring Frøystadskaret- utlegging til offentlig ettersyn
PS 110/16	Gnr 36 Bnr 68 - Kjøp av kommunal bustadtomt
PS 111/16	Søknad om startlån til refinansiering
PS 112/16	Søknad om startlån
PS 113/16	Søknad om startlån
Delegerte saker frå avdelingane	
DS 2/16	Søknad om skjenkeløyve til enkelt arrangement - Moltustranda mosjonsfestival 2016
Referatsaker	
RS 34/16	Informasjon om vedtatt investeringsprogram for fylkesvegar 2017-2023
RS 35/16	Det store digitalradiosteget for Møre og Romsdal – informasjon til din kommune
RS 36/16	Høyringsfråsegn frå Sunnmøre Regionråd IKS til Møre og Romsdal fylkeskommune om plangrunnlaget til Nasjonal transportplan 2018-2029
RS 37/16	Oversendelse av revidert anleggskonsesjon. NVEs referanse: 201507185-9

PS 104/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 105/16 Protokoll frå førre møte

PS 106/16 Delegerte saker

PS 107/16 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/673
		Arkiv:	130

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
108/16	Formannskapet	31.05.2016

OPPSTART AV ARBEID MED KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR 2016-2020

Tilråding:

Formannskapet godkjenner milepålsplanen for utarbeiding av kommunal planstrategi. Formannskapet ber om at administrasjonen er involvert i det interkommunale samarbeidet for å få fram tema som er aktuelle for interkommunal planlegging.

Særutskrift:
Utviklingsavdelinga

Vedlegg

1 Planstrategi for Herøy kommune 2012 - 2016

Saksopplysningar:

Plan- og bygningslova § 10-1 seier at kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Denne skal omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som omfattar langsiktig arealbruk, utfordringar innan miljø og sektorens verksemd, saman med ei vurdering av kommunens planbehov i gjeldande valperiode.

Innan utgangen av oktober 2016 skal kommunestyret ha godkjent den kommunale planstrategien for perioden 2016 – 2020. Planstrategien skal mellom anna gi ei oversikt over kva kommunale planar som finst, om eksisterande og godkjente planar skal vidareførast eller opphevast og kva planar som bør utarbeidast i planperioden (som er lik kommunestyreperioden). I handsaminga skal kommunestyret også ta stilling til om kommuneplanen eller delar av denne skal reviderast eller om planen skal vidareførast utan endringar. Gjennom planstrategien legg kommunestyret grunnlaget for prioritering av administrative ressursar knytt til planarbeid.

Jf. Plan- og bygningslova § 10-1 skal kommunane ved utarbeiding av sin planstrategi «innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner.» Det er fleire grunnar til dette kravet. Kommunane skal mellom anna sjekke ut om:

- det ligg føringar i statlege og regionale planar som må innarbeidast i kommunen sin strategi
- det er trong for interkommunale plansamarbeid knytt til ulike samfunnsområde(arealbruk, næringsutvikling, transport, digitalisering m.fl.)
- det er grunnlag for plansamarbeid mellom regionale planmynde(Møre og Romsdal fylkeskommune) og kommunen.

For å sikre tidleg dialog mellom kommunane og fylkeskommunen er det initiert eit samarbeid mellom kommunane på Sunnmøre. Det er etablert eit nettverk for planstrategiarbeidet som skal bidra til å løfte fram og drøfte aktuelle område/tema for interkommunal planlegging. Det er gjennomført to møter i nettverket og fylkeskommunen har utarbeidd ein «mal» til dei kommunale planstrategiane for å også samarbeide om ein felles tekstdel i dokumentet. Det vert opp til kvar kommune om dei vil nytte heile eller delar av denne malen.

Lokalt vil utviklingsavdelinga stå for revidering av den kommunale planstrategien. Det er ynskjeleg at formannskapet deltek i faser av arbeidet for å gje innspel til tema for interkommunalt plansamarbeid og lokale planar. I tillegg må relevante komitear involverast for å kome med innspel til planarbeid som ligg innanfor deira respektive ansvarsområde.

Forslag til milepårsplan for arbeid med kommunal planstrategi:

Mai	Vedtak i formannskapet om oppstart av arbeid med kommunal planstrategi 31.5.16
Juni	Sak til formannskap, komitear og råd for innspel til arbeidet i veke 24 og 25.

September Vedtak i formannskap om offentlegging og godkjenning av kommunal planstrategi 6.9.16

Offentlegging av kommunal planstrategi og høringsperiode 16.9.16 – 14.10.16

Oktober Innstillingsvedtak om godkjenning i formannskapet 18.10.16

Eigengodkjenning av kommunal planstrategi i kommunestyret 27.10.16

Vurdering og konklusjon:

Plikta til å utarbeide kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova § 10. Planstrategien er viktig då den gir kommunen ei samla oversikt over eksisterande planar og deira status, samstundes som den gjer det mogleg å styre naudsynte ressursar til planarbeid i kommunestyreperioden.

Det vert lagt opp til ein framdriftsplan i tråd med plan- og bygningslova sine krav. Det vert såleis ikkje lagt til rette for noko høringsperiode ut over kravet om offentlegging 30 dagar før vedtak i Kommunestyret.

Rådmannen rår til at formannskapet godkjenner forslag til milepårsplan for arbeidet og støttar opp under arbeidet med utgreiing av interkommunale planarbeid.


Fosnavåg, 11.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

PLANSTRATEGI FOR



HERØY KOMMUNE 2012-2016

Vedteken i kommunestyremøte den 13.12.2012 sak 201/12



INNHALDSLISTE

1. INNLEIING TIL KOMMUNAL PLANSTRATEGI	3
2. DEFINISJONAR	4
Planstrategi	4
Kommuneplan	4
Kommuneplanen sin samfunnsdel	4
Kommuneplanen sin handlingsdel/ handlingsprogram	4
Kommuneplanen sin arealdel	5
Kommunedelplan	5
Kommunedelplanar sine handlingsprogram	5
Temaplan/ sektorplan/ fagplan	5
Områdeplan	5
Detaljplan	5
3. NASJONALE FORVENTNINGAR OG REGIONALE FØRINGAR	6
Nasjonale forventningar	6
Regional planstrategi og fylkesplan	6
4. UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR FOR HERØY KOMMUNE	8
Herøy i regionen; samfunns- og arealutvikling	8
Befolkningsutvikling i kommunen	9
Utdanningsnivå i kommunen	11
Næringslivet i regionen	11
Folkehelse og levekår	12
Natur- og kulturmiljø, klima og samfunnstryggleik	13
Universell utforming	14
Barn og unge	14
Samferdsel og infrastruktur	14
Kommuneøkonomi	15
Interkommunalt plansamarbeid	16
5. PLANSTRATEGI OG NYE PLANAR	17
Planstatus, planar med behov for revidering eller rullering	17
Nye planar	19
Planstrategi - Handlingsdel	20
VEDLEGG	21



1. INNLEIING TIL KOMMUNAL PLANSTRATEGI


Kommunal planstrategi er eit nytt verktøy primært for den politisk styringa i kommunen. Kravet om eit slikt dokument kom saman med ikrafttredelsen av ny Plan- og bygningslov (pbl. § 10-1) og skal vere eit *retteiande* dokument for kommunen. Prosessen med utarbeiding av planstrategien skal bidra til auka politisk innsikt, forankring og kontroll med dei planoppgåver som skal gjennomførast. Politikarane vil her ha eit styringsverktøy som vil tydeleggjere den politiske innsatsen og retning.

Arbeidet med kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen og kvart fjerde år, seinast innan eitt år etter at nytt kommunestyre er konstituert, skal kommunen vedta sin kommunale planstrategi.

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv. Den skal ikkje vedta mål og strategiar, men drøfte utviklingstrekk og utfordringar i kommunen og leggje føringar for kva planarbeid som skal startast opp for å imøtekomme desse utfordringane. Planstrategien ligg øvst i planhierarkiet og er retteiande for kommuneplanen sin samfunnsdel, arealdel, kommunedelplanar og arealplanar.

Eit viktig mål er å styrke den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast. Ein sentral del av planstrategien er difor å vurdere kva planoppgåver kommunen skal starte opp, kva planar skal vidareførast eller opphevast i planperioden.

Planstrategien er også ein arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal planlegging, både innanfor arealplanlegging og tenesteyting.



Figur 1: Planstrategien sin plassering i det kommunale plansystemet (md: veileder for kommunal planstrategi 2011, s. 7)



Prosess og medverknad:

Arbeidet med planstrategien er gjennomført vår og haust 2012 etter dette oppsettet:

- Handsaming og utlegging av planstrategien til offentlig ettersyn, innstilling frå Formannskap 18.9.2012.
- Handsaming og vedtak om utlegging av planstrategien til offentlig ettersyn i K-styret 27.9.2012.
- Høyringsperiode frå 5.10.2012 - 2.11.2012.
- Kunngjeringsdato av planstrategi 30 dagar før vedtak, 9.11.2012.
- Sak i Formannskapet 4.12.2012, godkjenning av planstrategi (innstilling til K-styret).
- Sak i Kommunestyret 13.12.2012 vedtak av *Planstrategi for Herøy kommune*.

Kravet til medverknad i arbeidet med kommunale planstrategiar er at planstrategien skal gjerast offentlig kjent 30 dagar før slutthandsaming i kommunestyret. Det er ikkje høve til å fremje motsegn til den kommunale planstrategien.

2. DEFINISJONAR

I dette dokumentet vil det bli brukt ord og formuleringar som ikkje er sjølvforklarande. Under vil du finne ei kort forklaring på nokre av desse uttrykka.

Planstrategi

Planstrategien skal ta føre seg planbehovet og føreståande planarbeid i kommunen i den komande kommunestyreperioden. Planar etter plan- og bygningslova, beredskapsplanar og planar som er politisk handsama er omfatta av planstrategien. Hovudføremålet med planstrategien er at politikarane skal ta stilling til om kommuneplanen eller delar av kommuneplanen skal reviderast eller vidareførast slik den er. Utviklingstrekk og utfordringar i kommunen dannar grunnlaget for vurderingane i planstrategien. (pbl. § 10-1).

Perspektiv 4år

Kommuneplan

Eit samleomgrep som omfattar kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsprogram og kommuneplanen sin arealdel. *Kommuneplan skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen.* (pbl. § 11-1).

Perspektiv 12år.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon (pbl. § 11-2).

Perspektiv 12år.

Kommuneplanen sin handlingsdel/ handlingsprogram

Handlingsprogram for samfunnsdelen som skal vere den fireårige oppfølginga av kommuneplanen. Økonomiplanen kan inngå i handlingsdelen til kommuneplanen. Kommuneplanen sitt handlingsprogram bør reviderast kvart år og vere grunnlag for budsjett og økonomiplandebatten. (pbl. § 11-3).



Perspektiv 4år

Kommuneplanen sin arealdel

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanen sin arealdel skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa og sette rammer og føringar for nye tiltak og ny arealbruk som kan startast opp. (pbl § 11-5).

Perspektiv 12år

Kommunedelplan

Planer for bestemte område (areal), tema eller verksemdsområde. Til dømes kommunedelplan for Bergsøya (areal), kommunedelplan for trafikktrygging (tema) eller kommunedelplan for helse og omsorg (verksemdsområde). (pbl. § 11-4).

Perspektiv 4 – 12år.

Kommunedelplanar sine handlingsprogram

Handlingsprogrammet skal angi korleis planen skal realiserast gjennom konkrete målsettingar og tiltak. Desse gir grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Desse bør vere ein del av grunnlaget for budsjett og økonomiplandebatten.

Perspektiv 1 – 4år.

Temaplan/ sektorplan/ fagplan

Planar for tema eller sektorar som ikkje er eller skal handsamast etter plan- og bygningslova og har ein enklare prosess enn kommunedelplanar og fyl ikkje krav i pbl. til prosess og medverknad. Planane kan vere utarbeidd for å stette krav frå nye reformer eller for å implementere endringar i organisasjonen.

Perspektiv 1år eller meir (ingen øvre grense).

Områdeplan

Områdeplan er ein arealplan og skal i utgangspunktet vere ei planform for kommunen. Det kan i områdeplanen stillast krav om at det skal utarbeidast detaljplan for området eller den kan vere så detaljert at den kan brukast som direkte grunnlag for tiltak. Det er ikkje krav til rullering, og endring i slike planar er behovsstyrt. (pbl. § 12-2). Kommunen si moglegheit til å foreta oreigning fråfaller dersom kommunestyrevedtak ikkje er gjort 10 år innan planen er godkjend og kunngjort. Områdeplanen er gyldig inntil den vert oppheva ved vedtak eller erstatta av andre planar.

Detaljplan

Detaljplan kan fremjast av einkvar som ynskjer å setje i gang eit byggetiltak og skal vere i samsvar med gjeldande arealdel til kommuneplanen eller områdeplan. For privat utarbeidde planar er det frist på fem år for å påbegynne bygge- og anleggstiltak. Det er mogleg å få forlenga fristen med to år om gangen.



3. NASJONALE FORVENTNINGAR OG REGIONALE FØRINGAR

Nasjonale forventningar

Med innføring av ny plan- og bygningslov, kom også kravet om at regjeringa kvart fjerde år skal utarbeide eit dokument med [nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga](#). Forventningane er meir generelle enn [statlege planretningslinjer](#) og [statlege planbestemmelsar](#), som konkretiserer nasjonale omsyn på einssilde måtar.

Med utgangspunkt i at dei nasjonale forventningane skal bidra til ei planlegging som fremjar berekraftig utvikling, fokuserer dei nasjonale forventningane på fylgjande tema:

Tema i nasjonale forventningar:

- Klima og energi
- By- og tettstadsutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Regional planstrategi og fylkesplan

Regional planstrategi 2012 – 2016

Møre og Romsdal fylkeskommune er pålagde gjennom PBL å utarbeide regional planstrategi for fylket. Krav om den regionale planstrategien er heimla i § 7 – 1 i PBL. og seier slik: *Regional planmyndighet skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide en regional planstrategi i samarbeid med kommuner, statlige organer, organisasjoner og institusjoner som blir berørt av planarbeidet.*

Fylkeskommunen har utarbeidd [regional planstrategi 2012 – 2016](#), vedteken april 2012 i Fylkestinget.

Den regionale planstrategien har gitt omgrepet *attraktivitet* ein sentral plass og sett søkjelys på tre område som fylkeskommunen trur vil vere med å styrkje fylket sine føresetnader for framtidig vekst og utvikling og som dei ynskjer å prioritere i perioden 2012 – 2016. Dei tre områda er:

- Folk
- Næring
- Trivsel

Fylkeskommunen rår kommunane til å lyfte fram desse satsingsområda i sitt vidare planarbeid. Vidare rår fylkeskommunen til at kommunen bruker dei same fem gjennomgåande perspektiva som fylkeskommunen har brukt i all kommunal planlegging. Dei gjennomgåande perspektiv i den regionale planstrategien er:

- Folkehelse
- Universell utforming
- Klima og miljø



- Samfunnstryggleik
- Kultur- og naturverdiar

Andre regionale planar:

- Regional energi- og klimaplan. Vedteken 2009.
- Regional plan forvaltningsplan for vassregionen Møre og Romsdal 2010 -2015
- Fylkesdelplan for sentrumsstruktur 2004 -2008 og Rikspolitiske bestemmelser om kjøpesenter.
- Fylkesdelplan for strand- og kystsona 2001 -2005.
- Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Vedteken 2004.
- Regional delplan forvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal 2016 - 2021. Under arbeid.
- Regional delplan for kulturminne av nasjonal og regional verdi. Ny plan. Oppstart 2012.
- Regional delplan for samfunnstryggleik og beredskap i Møre og Romsdal. Ny plan. Mål om vedtak april 2013.
- Regional delplan for tannhelse. Ny plan. Mål om vedtak juni 2013.
- Regional delplan for folkehelse. Ny plan. Mål om vedtak desember 2013.
- Regional delplan for bibliotek. Ny plan. Oppstart andre halvår 2012.
- Fylkesros-sjø 2007 og risiko- og sårbarheitsanalyse for fjellskred i Møre og Romsdal vil vere sentral i arbeidet med regional delplan for samfunnstryggleik og beredskap. Ny plan. Mål om vedtak april 2013.

Regional plan 2013 – 2016

Dei regionale forventningane til kommunane er definert gjennom gjeldande [Fylkesplan 2009-2012](#). Fylkesplanen har som hensikt å gje eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag for mellom anna kommunane i fylket, i spørsmål knytt til samfunnsutvikling.

Den regionale planstrategien seier at Fylkesplan 2009-2012 bør vidareførast med nokre endringar. [Fylkesplan 2013 – 2016, regional plan for Møre og Romsdal](#) er under revidering og er ikkje endeleg vedteken enno derfor tek ein atterhald om at det kan verte endringar i dei føreslåtte satsingsområde og føreslåtte gjennomgåande perspektiv.

Satsingsområde i Regional plan 2013 – 2016:

- Kultur (vidareføring)
- Kompetanse (vidareføring)
- Verdiskaping (vidareføring)
- Samferdsel (ny: tidlegare eit gjennomgåande perspektiv)

Gjennomgåande perspektiv i Regional plan 2013 – 2016:

- Barn og unge (ny)
- Folkehelse (vidareføring)
- Universell utforming (uu) (vidareføring)
- Likestilling og inkludering (vidareføring)
- Miljø og klima (tidlegare: to av fem flaggsaker)
- Internasjonalisering (ny)



4. UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR FOR HERØY KOMMUNE

Herøy i regionen; samfunns- og arealutvikling

Herøy kommune ligg på søre sunnmøre og grensar til Sande, Ulstein, Vanylven og Volda. Kommunen ligg sentralt på søre sunnmøre med kommunikasjonar til Volda og Ørsta i aust gjennom Eiksundsambandet og hurtigbåt til Ålesund på Hareid.

Herøy kommune har sidan kommuneplanen sin arealdel var godkjent i 2004 hatt størst bygge- og deleaktivitet på Bergsøya, Leinane og Kvalsund. Det kan tyde på at det er desse områda som er mest attraktive og det vert derfor viktig å leggje til rette for meir byggeareal i desse områda. Mjølstadneset er det største industriområde i kommunen og har hatt stor aktivitet sidan 2004.

Landskapet på Bergsøya med strandlinje, bratte fjellsider og det freda Våtmarksområdet, Myklebustvatnet, legg sterke føringar for utviklinga av Fosnavåg by. Byfunksjonar i møte med dette karakteristiske landskapet gir Fosnavåg eit viktig særpreg som skil staden frå andre stader. Fosnavåg by har byfunksjonar spreidd over større område, og det er glidande overgongar mellom desse ulike delområda. Landskapet, spesielt skaret i overgangen Myklebust/Fosnavåg sentrum, hindrar at byen kan gro saman til ein samanhengande struktur, i alle fall visuelt.

Området i Dragsund/ Myrvåg er det geografiske midtpunktet på ytre søre sunnmøre og ein ser ein aukande aktivitet i dette området både for busetting og næringsverksemd.

Herøy kommune har ei attraktiv strandsone både for friluftaktivitet og for nye busette. Det er ein aukande trend at innbyggjarane vil busette seg nærmast mogleg sjøen og dette byr på utfordringar i form av dispensasjonssøknadar. Kommuneplanen sin arealdel vil leggje føringar for kvar det kan etablerast nye bustadar i framtida.

Utfordring:

Kommunen må vere i forkant av utviklinga og leggje til rette for rett arealbruk i attraktive områder slik at innbyggjarane kan busette seg der dei ynskjer og næringslivet har tilstrekkeleg med areal.

Myklebust-området vil i framtida stå heilt sentralt med omsyn til bu- og næringsområde i Herøy. Kommunen har sagt at fortetting av bustadareal er eit viktig prinsipp og plangrepet bør leggjast til grunn for ei framtidig utvikling av sentrumsområdet på Myklebust. Med begrensa areal i Fosnavåg sentrum bør ein opne for å bruke Myklebust som eit avlastningsområde for detaljhandel/ næringer som krev stor plass.

Mjølstadneset er definert som ein del av byområdet og må vidareutviklast for næringsverksemd.

Dersom Herøy kommune ynskjer å leggje til rette for meir busetting i distrikta må ein også vurdere kapasiteten på skule og barnehage og sjå samanhengane mellom desse forholda.

Kommunen må ved handsaming av detaljreguleringsplanar sørge for at intensjonen med planen stettar utfordringa kommunen står ovanfor og ikkje hindrar den ynskja utviklinga.




Planbehov:

- Kommunen må tilby attraktive bustadområde på dei stadane der det er størst press.
- Kommunen må legge til rette slik at det er tilstrekkeleg næringsareal tilgjengeleg for næringslivet.
- Kommunen har eit behov for å definere sentrumsområde i Herøy i overordna plan; kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.
- Kommunen må avklare Myklebust si rolle iht. sentrumsutvikling i kommuneplanen.

Befolkningsutvikling i kommunen

Herøy har sett seg eit mål om 10.000 innbyggjarar innan 2020. Dette er ein høg ambisjon, men den er framleis mogleg å oppnå med rett satsing. Herøy kommune har hatt ei jamn auke i folketalet frå 1950 til i dag og folketalet er i dag på det høgaste det nokon gong har vore på 8.727 pr. 1.1.2012. Særleg siste åra har vist at Herøy har hatt sterk vekst på grunn av utanlandsk innvandring (sjå figur 2).




Figur 2 Befolkningsutvikling 1992-2012. Kjelde: SSB, henta 8.8.2012

Statistisk materiale viser at befolkninga "legg på seg" i dei eldre aldersgruppene og held seg på same nivå for unge menn, medan den indikerer nedgang for kvinner i 30-40 års alderen (sjå figur 3). Jenter som er pluss/minus 25 års alderen flyttar ut og i for liten grad søker seg attende til Herøy etter fullført utdanning. Pr. i dag er det neppe mange nok opne jobbar for kvinner med høgare utdanning i Herøy og omlandskommunane.

Innvandring til Noreg har dei seinaste åra vore på eit historisk høgt nivå, først og fremst på grunn av den sterke aktiviteten i norsk økonomi og behovet for arbeidskraft innan bygg, og anlegg, servicesektoren og i petroleumsrealterte bedrifter. Herøy nyter også godt av dette ved å ha ein stor del arbeidsinnvandring til kommunen.



Herøy kommune har nyleg oppretta ei stilling som prosjektleiar for Bulyst som vil arbeide med rekruttering og inkludering i Herøy. Kommunen har fått tildelt Bulystmidlar frå kommunal- og regionaldepartementet til dette prosjektet.



Figur 3 Folketal fordelt på aldersgrupper 2011-2021. Kjelde: SSB/PANDA, frå kommunestatistikk for Herøy av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Utfordring:

Herøy er utfordra når det gjeld å oppretthalde og fornye arbeidsstyrken i befolkninga. Relativt mange unge som har vokse opp i Herøy flyttar ut og flyttar ikkje attende.

Viktigaste faktoren for å flytte attende er at det er interessante jobbar å kunne gå til.

For å halde på innvandrar som kjem til kommunen bør lokalsamfunnet verte kjenneteikna av openheit, toleranse, inviterande og å vere raus overfor nye innbyggjarar.

Ein skule med systematisk og god norskopplæring vil vere eit godt grunnlag for vennskap og integrering for born.



Planbehov:

- Kommunen må vere attraktiv for unge vaksne som har flytta ut og ynskjer å returnere til heimkommunen.
- Kommunen må vere bevisste sitt arbeid for rekruttering og inkludering.

Utdanningsnivå i kommunen

Herøy har færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning samanlikna med fylket og landet. Nye arbeidsplassar vert, uansett kvar dei er lokalisert, stadig meir kompetanseintensive. Når ei ser søre sunnmøre under eitt kan ein sjå at nivået på høgare utdanne er noko betre. Dette skulle tilseie at Herøy og nabokommunane utfyller kvarandre til ei viss grad.

Næringslivet i Herøy er ein del av næringsklyngene innan maritim og marin verksemd og fleire av desse har behov for arbeidskraft med høgare utdanning. Det har derfor vore eit tema i den offentlege debatten at kommunen må klare å trekkje til seg høgt utdanna kvinner og menn til næringslivet i Herøy.

Utfordring:

Utdanningsnivået for innbyggjarane er relativt lavt og statistikken viser at det er kvinner som tek lengst utdanning. For å kunne vere ein attraktiv stad å kome attende til må kommunen kunne tilby kompetansearbeidsplassar for høgare utdanna.

Kommunen og næringslivet lokalt må halde kontakt med herøyværingar som har flytta ut for å ta utdanning.

Planbehov:

- Kommunen må legge til rette for at det kan etablerast kompetansearbeidsplassar for høgt utdanna i kommunen.

Næringslivet i regionen

Herøy kommune utvekslar i stor grad arbeidspendlarar med Ulstein, Hareid og Sande. Desse utgjer eit kommuneknippe som utfyller kvarandre gjennom sin felles tilknytning til den marine og maritime klynga. Ser vi søre sunnmøre under eitt med Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta har vi ei meir komplett bu og arbeidsmarknad, særleg sett i lys av behovet for å rekruttere par som treng to jobbar.

Myrvågområdet peikar seg ut som eit attraktivt område for næringsverksemd og busetting. Det er etterspørsel etter meir areal til næringsverksemd og kommunen må ta stilling til vidare utvikling av området i kommuneplanen sin arealdel.

Den marine næringa er viktig for Herøy kommune då vi har eit av Noregs største lakseslakteri i Marine Harvest på Eggesbønes. Det området som peikar seg ut som den beste oppdrettslokaliteten er på sørsida av kommunen der lokaliteten Voldnes ligg i dag.

**Utfordring:**

Herøy må synleggjere potensialet i denne regionen betre enn det som vert gjort i dag for å tiltrekke seg dei som ynskjer å bu og arbeide i regionen.

Tettstadane bør utfylle kvarandre til å dekke behov på tvers av kommunegrenser. Kompetanseindustrien i ytre treng utviklingsdyktige, robuste statstjenesteprodusentar i indre.

Fosnavåg må dekke grunnleggjande lokale handels- og servicebehov, men også ha noko ved seg som er forskjellig frå og utfyller eigenskapane ved Ulsteinvik, Volda og Ørsta sentrum.

Den vidare utviklinga av handels og servicefunksjonar i Myrvåg må vurderast i samband med revidering av kommuneplanen.

Det vere avgjerande å stimulere barn og unge i Herøy til å interessere seg for og utdanne seg innan marin og maritim verksemd og etablere traineeordningar for å skape kontakt mellom ungdom og faglege, innovative og kommersielle utviklingsprosessar lokalt.

Den må leggjast til rette for at næringslivet innan verksemdar som td. marin næring har tilstrekkeleg med næringsareal dersom det er behov for å utvide verksemda.

Planbehov:

- Ved rullering av kommuneplanen sin arealdel må ein vurdere om det er tilstrekkeleg areal rundt akvakulturanlegg og tilhøyrande næringsareal på land.

Folkehelse og levekår

Kommunen er ansvarleg for å planlegge, utforme og organisere tenester til alle innbyggjarar med behov for helse- og omsorgstenester. Tenestetilbodet skal vere fagleg forsvarleg og mest mogleg likeverdig.

Basert på tala frå [Folkehelseprofil 2012](#) ser røyking ut til å vere eit større problem i Herøy enn elles i landet, vurdert etter prosentdelen gravide som røykjer ved første svangerskapskontroll.

Det same gjeld antal personar med hjarte- og karsjukdom, vurdert etter talet på pasientar behandla på sjukehus (Folkehelseprofil 2012).

Utfordring:

Røyking og hjarte- og karsjukdom ser ut til å vere meir utbreidd i Herøy enn elles i landet. Utfordringa for kommunen vert å skaffe meir detaljert data for å undersøkje om dette er tilfelle og eventuelt redusere talet røykande og med hjarte- og karsjukdom.

Folk må ta meir ansvar for eige liv og helse. Folkehelse må gjevast større merksemd og folkehelse bør vere eit gjennomgåande perspektiv i all kommunal forvaltning.

Bruk av teknologi må i sterkare grad inn i pleie og omsorg. Ta i bruk dørsensorar, fallsensorar, sporingssensorar osv.



Planbehov:

- Det må utarbeidast ein felles plan for helse og omsorg som viser utfordringane sektorane står ovanfor og viser tiltak som kan vere med å utvikle helse og omsorgssektoren og løyse dei utfordringane ein står ovanfor.

Natur- og kulturmiljø, klima og samfunnstryggleik

Kommunen har ansvar for ivaretaking av innbyggjarane sin tryggleik. Lov om kommunal beredskapsplikt med krav til gjennomføring av overgripande risiko- og sårbarheitsanalyse og utarbeiding av beredskapsplanar tredde i kraft i 2010. Ny plan- og bygningslov har reglar for å førebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur mm.

Rapporten *Havnivåstigning, Estimerer av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner* (2009) estimerer at havnivået i 2100 kan stige med 70cm langs Sørlands- og Vestlandskysten. På grunn av usikkerheit kring desse estimatane anslår dei at havnivået i 2100 vil ligge mellom +50cm og +105cm høgare enn dagens normalnivå (kote 0).

Det vert stilt stadig strengare krav til bevaring og naturmiljø og kulturmiljø. Kommunen har ikkje noko plan for registrerte kulturminner, men bør vurdere dette i denne prosessen.

Som følgje av nasjonale mål om reduksjon i veksten av CO₂-utslepp ventar ein meir energiøkonomisk drift i alle delar av samfunnet. Herøy har *Klimaplan for Herøy kommune 2009-2013* som skisserer fleire klimatiltak i kommunen og konkrete prosjekt som skal gjennomførast.

Utfordring:

Kommunen må stå rusta til å møte kriser av forskjellige størrelse og konsekvens; frå skipshavari og oljeforureining til pandemi og kriminelle handlingar. Kompetanse og planverk må tilpassast nye krav. Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) og samfunnstryggleik må få ein sentral plass i areal- og verksemdsplanar.

Estimatane i rapporten om havnivåstigning vil krevje planlegging av kommunal infrastruktur og bustadområde som tek høgde for å takle situasjonar oppstått som følgje av ekstremvær og havnivåstigning.

Kommunen har ei utfordring med høg aktivitet på regulering og byggeaktivitet med stor konfliktflate mot kulturminner.

Gjennomføring av tiltak som står i *Klimaplan for Herøy kommune 2009-2013* må vere viktig å ta med i den daglege verksemda til kommunen og i planlegging av nye tiltak i kommunen.

Planbehov:

- Kommunen må til ei kvar tid ha oppdaterte planar for kriseleiing, pandemiplan, etc.
- Det er behov for ei revidering av klimaplanen i 2013.
- Det er behov for å utarbeide ein kulturminneplan for Herøy.



- Kommunen må utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse som skal utgjere grunnlaget for ein heilskapleg beredskapsplan for kommunen.

Universell utforming

Plan- og bygningslova, teknisk forskrift samt diskrimineringslova stiller krav til samfunnet for å legge til rette private og offentlege funksjonar slik at alle kan bruke dei uavhengig av funksjonsevne i så stor grad som mogleg.

Universell utforming er eit gjennomgåande tema i all planlegging i kommunen. Kommunen har ikkje utarbeidd eigen plan eller retningslinjer for universell utforming, men det er eit tema som vert vurdert i alle aktuelle planar.

Utfordring:

Sørgje for at bygningsmasse tilpassast slik at kommunale tenester kan brukast av alle i så stor grad som mogleg og sørgje for at alle planar tek omsyn til universell utforming i planlegging av fysiske eller tematiske planar.

Sørge for at råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert inkludert og får uttale seg i saker som angår deira ansvarsområde.

Barn og unge

Plan- og bygningslova krev at barn og unge skal vere tema i all planlegging. Formålsparagrafen til plan- og bygningslova seier slik: *prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår... .*

Det er utarbeidd [rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegging](#) som er førande for kommunen sitt arbeid med arealplanar. Både nasjonale og regionale mynde prioriterer vilkåra for barn og unge høgt.

Utfordring:

Å klare å inkludere barn og unge i all planlegging er ei utfordring kommunen tek på alvor. Ein bør lage gode retningslinjer for korleis ein på best mogleg måte kan involvere barn og barnerepresentanten i alle saker som angår barn og unge sine behov og rettar.

Barn og unge sine vilkår bør prioriterast og vektleggast i arealplanlegging i kommunen.

Planbehov:

- Kommunen må utarbeide gode rutiner og retningslinjer for å sikre barn og unge sin reell medverknad i plansaker saman med barnerepresentanten.
- Kommunen må i arbeidet med revidering av arealdelen vidareføre leikeplassnorma som står i gjeldande arealdel.

Samferdsel og infrastruktur

Herøy kommune består av seks større øyar, Gurskøya, Leinøya, Bergsøya, Nerlandsøya, Remøya og Runde og øyene er kopla saman med bruer. Nokre av bruene i kommunen er av eldre standard og kan by på utfordringar med dagens



trafikksituasjon. Bruene som er av dårlegast stand er Nerlandsøybrua og Remøybrua.

Herøy kommune har generelt ei utfordring med vedlikehald av kommunale vegar og behovet må vegast opp mot bygging av nye vegar i private reguleringsplanar. Kommunen har eit ansvar for å bygge gode og trygge vegar, særleg for barn og unge som skal til og frå skule.

Kommunen handsamar årleg ei sak om samferdselsprioriteringar og skal gjennom denne prioriteringa av samferdselsprosjekt synleggjere sine målsetjingar og prioriteringar knytt til samferdselsprosjekt i kommunen ovanfor regionale instansar. Denne prioriteringa vert å rekne som eit innspel til fylkeskommunen i samband med revidering av det løpande investeringsprogrammet knytt til fylkesvegar. Ein skal prioritere innanfor same programområde som MR fylke legg til grunn.

Utfordring:

Kommunen må fremje dei samferdselsprosjekta som er prioriterte opp mot regionale styresmakter for å kunne få tildelt midlar for oppstart og gjennomføring av prosjekta.

Bruene Nerlandsøybrua og Remøybrua er av dårlegast forfatning og har ei *levetid* på om lag 5-7år. Det bør setjast i gang reguleringsarbeid i samspel med Statens vegvesen for å ruste opp bruene.

Planbehov:

- Det må årleg gjerast ei samferdselsprioritering politisk som vert oversendt regionale myndigheiter og som er i tråd med deira prioriteringar.
- Det bør startast opp reguleringsarbeid for bruene Nerlandsøybrua og Remøybrua i gjeldande kommunestyreperiode.

Kommuneøkonomi

Kommunen opplever i dag at stadig fleire statlege oppgåver vert overført til kommunen utan at det fyl med øyremerka midlar til å dekke dei nye utgiftene. Innbyggjarane stiller stadig høgare krav til tenester innan helse- og omsorg, skule osv. og investeringane i omsorgsbustadar, sjukeheimsplassar, rehabilitering av skulebygg og kultur- og opplevingsanlegg vert store investeringar som vil auke lånebelastninga på kommunen.

Herøy kommune hadde pr. 30.6.2012 ei lånegjeld på 582,7 millionar kroner. Pr. 1.1.2012 hadde Herøy kommune 8.727 innbyggjarar dette vil tilsvare ei gjeld pr. innbyggjar på ca. 66.000 kr.

Utfordring:

Den største utfordringa for kommuneøkonomien er dei nye reformene der staten pålegg kommunane å tilby tenester utan at utgiftene til desse vert fullt ut kompensert.

Lånegjelda til kommunen vil truleg stige til over 600 millionar i løpet av 2015.

Det er ei utfordring å balansere prioritering av kommunen sine primæroppgåver, skule og omsorgstenester mm. opp mot samfunnssatsing.



Planbehov:

- Det er behov for ei tydelegare kopling mellom kommuneplanen sin handlingsplan, kommunedelplanar sine handlingsplanar og budsjett og økonomiplan.

Interkommunalt plansamarbeid

Kommunen ser at det kan vere hensiktsmessig å samarbeide interkommunalt innanfor somme tema og verksemdsområde. Behovet for å etablere interkommunale samarbeid er tema i dei ulike avdelingane innanfor bla. helse og omsorg og barnevern.

Herøy kommune har teke initiativ til å starte opp *lokalt planforum* for kommunane på Søre Sunnmøre. Dette kan vere ein stad for meningsutveksling og grobotn for interkommunale plansamarbeid på sikt. Her vil ein også kunne få eksempel og erfaringar frå interkommunale plansamarbeid i regionen.

Utfordring:

Det vert stadig meir utfordrande å kunne tilby optimale tenester til brukarane på grunn av at staten pålegg kommunane det som tidlegare har vore statlege ansvar utan å løyve tilstrekkeleg med midlar til tenestene.

Planbehov:

- Det kan verte behov for å utarbeidet interkommunalt plansamarbeid for spesialisttenestene innan td. barnevern, helse og omsorg og brannvern.
- Herøy kommune meiner det kan vere nyttig med lokale planforum for avgrensa områder og har teke initiativ til dette for Søre Sunnmøre.



5. PLANSTRATEGI OG NYE PLANAR

Sjå vedlegg 1 for oversikt over vedtekne arealplanar.

Sjå vedlegg 2 for å sjå *Plankrav til kommunen*.

Herøy har til liks med andre kommunar i landet ein overordna kommuneplan som er det øvste leiande dokumentet for kommunen når det kjem til bruk av areal og samfunnsutvikling. Kommuneplanen består tre dokument: ein samfunnsdel, eit handlingsprogram til samfunnsdelen og ein arealdel.

Herøy kommune har kommunedelplanar innanfor fysisk planlegging (Kommunedelplan for Bergsøy), tema (Kommunedelplan for trafikktrygging) og verksemdsområde (Kommunedelplan for helse og omsorg).

I Herøy er det Utviklingsavdelinga som er ansvarleg for handsaming av kommuneplanen, kommunedelplanar og detalj- og områdeplanar.

Utviklingsavdelinga har pr. 20.8.2012 tilsett ein leiar for utviklingsavdelinga, fire planleggarar, to byggesakshandsamarar, to tilsett på kart og oppmåling og ei 50% stilling på servicetorget.

Utviklingsavdelinga har pr. juli 2012 54 private og kommunale detalj- og områdeplanar under handsaming.

Planstatus, planar med behov for revidering eller rullering

Budsjett og økonomiplan for Herøy kommune

Økonomiplanen er kommunen sin leiande handlingsplan og tek føre seg dei økonomiske prioriteringane i den nærmaste fireårsperioda. Økonomiplanen skildrar framskriving av kommunen sine forventa inntekter og utgifter knytt til drift. Årsbudsjett og økonomiplan er viktige styringsdokument for kommunen som organisasjon og ein bør ha ei sterk og synleg kopling mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og andre kommunale planar sine handlingsprogram. Arbeidet ligg primært til økonomiavdelinga.

Årsbudsjett og økonomiplan må vidareførast og rullerast årleg i samband med budsjetthandsaming.

Kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsprogram og arealdel

Formannskapet vedtok i F-sak 86/10 at kommunen skulle revidere kommuneplanen sin samfunnsdel, med handlingsprogram og arealdel. Hausten 2010 vart det sett i gang forberedande arbeid for revidering av kommuneplanen samla. I den nye arealdelen av kommuneplanen vil ein oppheve kommunedelplan for Bergsøya og inkludere den i den samla arealdelen. Det kan likevel utarbeidast eige temakart for Bergsøya.

Kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsprogram og arealdel skal reviderast med målsetting om godkjenning i 2013.

Kommunedelplan for trafikktrygging

Kommunestyret gjorde 22.3.2012 i K-sak 52/12 vedtak om å starte opp arbeid med rullering av kommunedelplan for trafikktrygging. Arbeidet ligg til utviklingsavdelinga og er tenkt gjennomført hausten 2012/vår 2013.



Arbeidet med revidering av kommunedelplan for trafikktrygging må vidareførast med slutthandsaming i 2013.

Hovudplan avløp

Kommunestyret gjorde 22.6.2011 i K-sak 78/11 vedtak om å starte opp arbeid med revidering av Hovudplan avløp. Arbeidet ligg til anlegg- og driftsavdelinga med bistand frå utviklingsavdelinga.

Planen må reviderast med endra namn til *Kommunedelplan for avlaup*. Planen vert slutført i løpet av 2013.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Det er bestemt at arbeidet med denne planen skal startast opp hausten 2012. Alkoholdelen av denne planen er trekt ut og er godkjent i Kommunestyret som eigen plan, *Alkoholpolitisk plan 2012-2016*. Arbeidet ligg førebels til NAV Herøy.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan skal reviderast med oppstart i 2012.

Bustadsosial handlingsplan

Det er bestemt at arbeid med denne planen skal startast opp hausten 2012. Det skal brukast same styringsgruppe som i *Rusmiddelpolitisk handlingsplan*, men ulik arbeidsgruppe. Arbeidet ligg førebels til NAV Herøy med støtte frå Utviklingsavdelinga. Arbeidet med *Rusmiddelpolitisk handlingsplan* og *Bustadsosial handlingsplan* er knytt tett saman.

Bustadsosial handlingsplan skal reviderast med oppstart i 2012.

Plan for kriseleiing i Herøy kommune/ Beredskapsplan for Herøy kommune

Den heilskaplege ROS-analysen vil vere grunnlag for ein beredskapsplan for Herøy kommune. Kommunen er pålagd å utarbeide ein slik plan. Arbeidet ligg til beredskapsgruppa i kommunen.

Arbeidet bør startast opp når det føreligg ein heilskapleg ROS-analyse for kommunen.

Informasjons- og kommunikasjonsstrategi

Herøy kommune vil revidere sin informasjon- og kommunikasjonsstrategi frå 2006 i løpet av hausten 2012. Ansvaret for arbeidet ligg til Servicetorget.

Informasjons- og kommunikasjonsstrategi skal reviderast og arbeidet vert starta opp i 2012.

Politisk samferdselsprioritering

Kommunen skal gjennom denne prioriteringa av samferdselsprosjekt synleggjere sine målsetjingar og prioriteringar knytt til samferdselsprosjekt i kommunen. Ved at prioriteringa vert årleg vil dette vere å rekne som eit innspel til fylkeskommunen i samband med revidering av det løpande investeringsprogrammet knytt til fylkesvegar. Det skal prioriterast innanfor same programområde som MR fylke legg til grunn. Arbeidet ligg til utviklingsavdelinga.

Den politiske samferdselsprioriteringa bør vidareførast og rullerast årleg.

Årleg planprioritering

Den årlege planprioriteringa er grunnlag for utviklingsavdelinga si årlege prioritering av plansaker. I Herøy er det fleire private som ynskjer å regulere og dei planforslaga som vert starta opp er det tidsfrist på å handsame og som avdelinga må ha kapasitet til å handtere. Kommunen har mange planar under



arbeid og det er viktig med ei prioritering av kva for planar som skal ha mest fokus fram til neste prioriteringsrunde. Ansvar for å lage forslag til den årlege planprioriteringa ligg til utviklingsavdelinga.

Den årlege planprioriteringa bør vidareførast og rullerast årleg.

Nye planar

Oversikt over nye arealplanar som skal startast opp eller reviderast går fram av *årleg planprioritering*.

Kulturminneplan

Herøy kommune ynskjer å starte opp arbeid med å registrere kulturminner og samle desse i ein kulturminneplan. Initiativet og framdrift for denne planen ligg til kulturavdelinga.

Det skal utarbeidast ein kulturminneplan for Herøy og arbeidet vil bli starta opp i 2013.

Kommunedelplan for helse og omsorg

Det er allereie starta opp arbeid med å utarbeide ein paraplyplan for helse- og omsorgssektoren. Denne planen er meint å vere ein overordna plan som tek føre seg utfordringar som helse- og omsorgssektoren vil stå ovanfor fram mot 2020. Dette arbeidet vert lagt til pleie- og omsorgsavdelinga, barn, familie og helse, bu- og habiliteringsavdelinga og utviklingsavdelinga.

Arbeidet med kommunedelplan for helse og omsorg må vidareførast med målsetting om slutthandsaming av planen i løpet av hausten 2012.

ROS-analyse for Herøy

Kommunane har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ivareta tryggleiken til eigne innbyggjarar og andre som oppheld seg i kommunen. Kommunen er pliktig å utarbeide ein heilskapleg Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som vil leggje grunnlaget for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Fylkesmannen har varsla at det vil bli gjennomført tilsyn i 2013 for å sikre at kommunane har utarbeidd ei heilskapleg ROS-analyse for kommunen. Leiar for servicetorget er beredskapskontakt i kommunen.

Arbeidet vil bli starta opp i 2012.

Hovudplan for vassforsyning

Målet med vassforsyninga er å levere nok vatn av hygienisk og bruksmessig god kvalitet på ein sikker måte til alle brukarane i kommunen. Ansvar for denne planen ligg i all hovudsak til Anleggs- og driftsavdelinga.

Arbeidet vil bli starta opp tidlegast 2014.

Forvaltningsplan for vassregionen Møre og Romsdal, regional delplan

Vatn gjeld oss alle. Ikkje berre er vatn eit viktig næringsmiddel som vi treng kvar dag, men det er også viktig for næringsutvikling, fritidsaktivitetar, kultur og identitet for dei fleste av oss. Planen er ei oppfølging av EU sitt rammedirektiv for vatn, og gjeld alt ferskvatn, grunnvatn og kystvatn ut til 1 nautisk mil utanfor grunnlina. Arbeidet ligg i all hovudsak til Møre og Romsdal fylkeskommune, men kvar einskild kommune må bidra inn i arbeidet med tiltaksanalysen.

Dette arbeidet vil bli starta opp i 2013.

**Planstrategi - Handlingsdel**

Ny = Ny plan.

Rev. = Revidering (fullstendig revisjon av planen).

Rull. = Rullering (rullering av delar av planen, td. handlingsprogram).

Opp. = Oppheving av plan.

Overordna planar for Herøy:	Vedtak	2012	2013	2014	2015
Planstrategi for Herøy kommune 2012-2016	K-sak 201/12, 13.12.2012	NY			Rev.
Kommuneplan for Herøy, samfunnsdel.	K-sak 92/01, 12.10.2001	Rev.			
Kommuneplan for Herøy, handlingsprogram.	K-sak 92/01, 12.10.2001	Rev.			
Kommuneplan for Herøy, arealdel.	K-sak 145/04, 16.12.2004	Rev.	Rev.		
Budsjett og økonomiplan for Herøy.	K-sak 206/11, 15.12.2011	Rull.	Rull.	Rull.	Rull.

Kommunedelplanar for Herøy:	Vedtak	2012	2013	2014	2015
Kommunedelplan for Bergsøya (arealplan)	K-sak 145/04, 16.12.2004	Rev.	Rev.		
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011-2014.	K-sak 182/10, 16.12.2010			Rev.	
Hovudplan avløp 2000-2004. Nytt namn: Kommunedelplan for avlaup 2012-2022.	K-sak 107/00, 22.9.2000	Rev.	Rev.		
Kommunedelplan for trafikktrygging 2009-2012.	K-sak 109/08, 26.6.2008	Rev.			
Klimaplan for Herøy 2009-2013.	K-sak 4/10, 28.1.2010		Rev.		
Kommunedelplan for fiskerihamner.			Rev.		
Bustadsosial handlingsplan 2009-2012.	K-sak 148/09, 10.12.2009	Rev.	Rev.		
Kommunedelplan for Moltu fv.10. (arealplan)	K-sak 144/93, 17.12.1993				
Kommunedelplan for helse og omsorg 2012-2020.	NY	NY			
Hovudplan vassforsyning				Rev.	

Tema/ sektorplanar for Herøy:	Vedtak	2012	2013	2014	2015
Frivilligplan for Herøy 2012-2015.	K-sak 65/12, 26.4.2012				Rev.
Alkoholpolitisk plan 2012-2016.	K-sak 42/12, 22.3.2012				
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2008-2012.	K-sak 65/08, 29.5.2008	Rev.	Rev.		
Pandemiplan med delplanar for: - Helse - Pleie- og omsorg	Sist rev, 04.08.2009		Rull.		



- Bu- og habilitering					
Plan for førebyggjande tiltak for barn og unge 2009-2012.	K-sak 57/09, 14.5.2009	Rev.	Rev.		
Plan for kriseleiing Beredskapsplan for Herøy kommune	K-sak 63/98, Ajourført mars 09, Ber-sak 3/99		Rev.	Rev.	
Plan for kompetanseutvikling i grunnskulen 2012.	F-sak 119/11, 3.5.2011	Rull.	Rull.	Rull.	Rull.
IKT-plan 2012.	K-sak 56/12, 22.3.2012	Rull.	Rull.	Rull.	Rull.
Arkivplan 2004.	Ukjent				Rev.
Informasjons- og kommunikasjonsstrategi	Ukjent	Rev.			
Strategisk næringsplan for Herøy 2002-2005.	Ukjent		Rev.		
Forvaltningsplan for seks statlege/ kommunale friluftsområde i Herøy kommune 2009.	Ukjent				
Kulturminneplan	NY		NY		
Årleg politisk samferdselsprioritering	K-sak 67/12, 26.4.2012	NY	Rull.	Rull.	Rull.
Årleg planprioritering	F-sak 147/12, 17.4.2012	Rull.	Rull.	Rull.	Rull.
Strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg	K-sak 162/12, 27.9.2012	NY			Rev.
Forvaltningsplan for vassregionen Møre og Romsdal, regional delplan	T-48/09 (U-112/09)		Rull.	Rull.	
Lokal kulturbyggplan for Herøy kommune, 2001-2004.	Ukjent	Opp.			
Sårbarheitsanalyse naturoppsyn for Herøy og Sande kommune.	Ukjent	Opp.			
Informasjonsplan for Herøyspelet 1999.	Ukjent	Opp.			
Utviklingsplan for Herøy gard.	Ukjent	Opp.			

VEDLEGG

Vedlegg 1: Oversikt over vedtekne arealplanar, nedlasta 8.11.2012.

Vedlegg 2: Plankrav til kommunen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE
www.heroy.kommune.no Sentraltel: 700 81 300

PLANARKIV

and fase in (6)

Oppdatert	Plan	Status	Type
	Fase: 6 Endeleg vedteken plan ▾	-- Velg -- ▾	-- Velg --
2012-08-08	201202 ASPEVIKA	Endeleg vedteken	Detaljregulering
2012-09-12	201201 HOTELL OG KONSERTSAL FOSNAVÅG SENTRUM	Endeleg vedteken	Detaljregulering
2012-04-27	201204 BUSTADFELT PÅ GNR 37 BNR 12 OG 17 M-FL	Endeleg vedteken	Detaljregulering
2012-10-30	201002 VÅGSHOLMEN	Endeleg vedteken	Detaljregulering
2012-05-18	201102 TORSETHØGDA-KALVENESSET	Endeleg vedteken	Detaljregulering
2012-08-08	201101 SENTRUMSTEIGEN	Endeleg vedteken	Detaljregulering
2012-08-08	201001 HESTHOLMEN HYTTEGREND	Endeleg vedteken	Detaljregulering
2012-08-08	200905 JOAKIM-MARKA	Endeleg vedteken	Detaljregulering
2012-05-23	200904 FOSNAVÅG SENTRUM AUST	Endeleg vedteken	Detaljregulering
2012-05-23	200704 PARKERINGSANLEGG GERHARD VOLDNES VEG	Oppheva	Eldre reguleringsplan
2012-08-08	200903 HULDAL	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-05-23	200902 TORVIK RESORT	Endeleg vedteken, underlagt tidsavgrensning	Eldre reguleringsplan
2012-05-23	200901 SKOTHOLMEN	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-08-08	200801 KVALSUND - TEIGE	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-08-08	200703 SMÅBÅTHAMN PÅ GNR.31. BNR.1 MFL	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-08-08	200702 VÅLNESET HYTTEFELT	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-05-23	200701 MYKLEBUSTVATNET VEST	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-08-08	200604 RØYRA 2	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-05-23	200603 RUNDE MILJØSENTER	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-05-23	201203 RÅDHUSKVARTALET	Endeleg vedteken	Detaljregulering
2012-08-08	196801 NYKREIM	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-08-08	196901 KVALSUND/NERLANDSØY	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-08-08	197301 BERGSØY/BENDAL	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-08-08	197601 TROLLDALEN-STORNESET	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-05-04	197602 FRØYSTAD	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-08-08	197701 KVALSVIKEIDET	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-08-08	197801 DRAGSUND	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
2012-08-08	197901 FERELIA	Endeleg vedteken	Eldre reguleringsplan
